



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	16.10.2025
Møtetid:	09:00 - -15:30
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Terje Håland	leder	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Lisbeth Oen	medlem	U	
Linda Brandtun	medlem	U	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	
Per Lerøy	medlem	AP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Næss	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Randi Dyrøy		U	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Britt M. Skålevik Lerøy	kommunedirektør

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 33/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 34/2025	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 28. august og 16. september	
PS 35/2025	Referatsaker	
RS 14/2025	Referat frå Områdeutvalet i Nordhordland 19.09.2025	
RS 15/2025	Medlem ut av levekårsutvalet - fast opprykk frå varalista	
OS 31/2025	Orienteringar frå administrasjonen	
OS 32/2025	Orienteringar frå leiar i Levekårsutvalet	
PS 36/2025	Temaplan helse og velferd - 2025	
PS 37/2025	Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane	
PS 38/2025	Skulerute for skuleåret 2026 - 2027	

PS 33/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 33/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 33/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 34/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 28. august og 16. september

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollane frå 28. august og 16. september vert godkjende.

Sak 34/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 28. august og 16. september
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 34/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 28. august og 16. september
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Møteprotokollane frå 28. august og 16. september vert godkjende.

PS 35/2025 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tar referatsakene til vitande.

Sak 35/2025 Referatsaker
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 35/2025 Referatsaker

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Levekårsutvalet tar referatsakene til vitande.

RS 14/2025 Referat frå Områdeutvalet i Nordhordland 19.09.2025

Sak 14/2025 Referat frå Områdeutvalet i Nordhordland 19.09.2025

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Handsaminga ført under sak PS 35/2025

Vedtak i sak 14/2025 Referat frå Områdeutvalet i Nordhordland 19.09.2025

Levekårsutvalet - 16.10.2025

RS 15/2025 Medlem ut av levekårsutvalet - fast opprykk frå varalista

Sak 15/2025 Medlem ut av levekårsutvalet - fast opprykk frå varalista

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Handsaminga ført under sak PS 35/2025.

Vedtak i sak 15/2025 Medlem ut av levekårsutvalet - fast opprykk frå varalista

Levekårsutvalet - 16.10.2025

OS 31/2025 Orienteringar frå administrasjonen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande

Sak 31/2025 Orienteringar frå administrasjonen

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Orienteringar til Levekårsutvalet:

Anne Merete Ødven, som er dagleg leiar i Nok. Bergen (kompetansesenter mot seksuelle overgrep) orienterte om deira arbeid.

- Nok. Bergen tilbyr gratis og anonym hjelp for personar som er utsette for seksuelle overgrep, og deira pårørande. Austrheim kommune har ein samarbeidsavtale med Nok. Bergen som går ut ved årsskiftet, og etter ei fagleg vurdering har administrasjonen tilrådd å forlenga denne avtalen.
- Presentasjonen vert sendt ut til medlemmene i rådet i etterkant av møtet.

Fagleiar kultur, Kari Torkildsen Utkilen, orienterte om temaplan for fysisk aktivitet idrett og friluftsliv.

- Planen skal etter planen leggjast ut på høyring av formannskapet i møtet 23. oktober.
- Det vert seks vekers høyringsfrist, og Utkilen oppfordra til å komma med innspel i løpet av denne tida.
- Presentasjonen vert sendt ut til medlemmene i rådet i etterkant av møtet.
- Levekårsutvalet kom med innspel på ulike nye tiltak, mellom anna at ein knyter saman eksisterande ruter slik at det er lettare å utnytta dei eksisterande stiane og løypene. Dette er ein av dei tinga utvalet vil komma med innspel på når planen kjem på høyring seinare i haust.
- Levekårsutvalet etterlyste ein rapport frå det utvalet som vart sett ned for å vurdere ei eventuell ny plassering av motorsportbana.

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om status for arbeidet med nytt helse- og omsorgstun.

- I denne delen av møtet hadde Levekårsutvalet rolle som styringsgruppe for arbeidet med nytt helse- og omsorgstun.
- Det er gjennomført idédugnad om kva funksjonar som skal inn i bygget. Vidare har konsulentane i Sweco har sett på vurderingar kring bærekraft, kostnader til infrastruktur, med meir. Sweco har begynt på kostnadsvurderingar kring tomt 5 og tomt 4, herunder ombruk av dagens sjukeheim.
- Det vert lagt opp til at Levekårsutvalet har ekstramøte som styringsgruppe for arbeidet med nytt helse- og omsorgstun, for å vera tett på arbeidet. Dette kan bli i veke 44.
- Sweco planlegg å levera sine endelege rapportar den 7. november.
- Per Lerøy etterlyste at den informasjonen som vert gitt til kommunestyret om prosjektet, først blir gitt til styringsgruppa, til dømes orienteringar om kostnad til prosjektet.
- Utvalsleiar Terje Håland sa at det er viktig at styringsgruppa er "på" og stiller spørsmål i det vidare arbeidet, slik at ein leverer frå seg eit best mogleg grunnlag til kommunestyret med tanke på moglege kostnader.
- Ekstramøte i denne saka kan bli i veke 44, på dag- eller kveldstid.

Kommunedirektør Britt Skaalevik orienterte om arbeidet sitt, mellom anna om for budsjett 2026 og økonomiplan for 2026-2029.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 31/2025 Orienteringar frå administrasjonen
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande

OS 32/2025 Orienteringar frå leiar i Levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringa vert tatt til vitande

Sak 32/2025 Orienteringar frå leiar i Levekårsutvalet
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland sa som innleiing at dette med "Ung i Austrheim" har vore tema i utvalet tidlegare i år. No har det den siste tida vore jobba mykje med aktuelle tomter for nytt helse- og omsorgstun, og det er eit ønske om å ta opp igjen arbeidet med å planlegga eit eige temamøte kring dette emnet.

Kommunalsjef oppvekst Trine Merete Jansen orienterte om problematikken kring "Barn i fattige familiar".

- Presentasjonen vert sendt ut til medlemmene i rådet i etterkant av møtet.
- Begrepet er viktig, det er ikkje barna som er fattige, det er familiane.
- Nyttige lenker:
 - Taushetsplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen
– en veileder - Basert på en utredning av professor, ph.d. Morten Holmboe, utført på oppdrag
fra og i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet
<file:///C:/Users/VigdisVikne/Downloads/g-0454-b.pdf>
 - Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier
- en veileder - Helsedirektoratet
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>
 - Hvordan vurdere barnets beste i saker som berører barn generelt?
- en utredningsinstruks - Barneombudet
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>
 - Barnets beste, en veileder for deg som jobber i NAV
<https://www.statsforvalteren.no/innlandet/helse-omsorg-og->

sosialtjenester/økonomisk-sosialhjelp/barnets-beste---en-veileder-for-deg-som-jobber-i-nav/

- Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen
- Utdanningsdirektoratet
<https://www.udir.no/globalassets/filer/regelverk/rundskriv/veiledning-til-bruk-av-barnekonvensjonen.pdf>
- Som eit tiltak for å sikra at alle born og unge kan delta i fritidsaktivitetar uavhengig av økonomiske forhold, viste Jansen til tilbodet "Fritidskassen". Det er mogleg å søka om tilskot mellom anna frå Bufdir, og tanken er at kommunen skal gje midlar vidare til lag og organisasjonar (etter søknad). Kan sjå til Osterøy som har ei slik ordning, for å henta erfaringar.
- Utvalet diskuterte ei slik ordning, og var grunnleggande positiv til dette. Utvalet var opptekne av at ein må nå ut også til dei borna som ikkje kjem inn i organisert idrett i det heile på grunn av økonomiske utfordringar i familien/heimen.
- Utvalet var positive til at administrasjonen greier ut ei slik ordning som skissert for "Fritidskasse".

Arbeidet med eit temamøte kring born/unge/oppvekstvilkår vert å ta opp igjen seinare.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 32/2025 Orienteringar frå leiar i Levekårsutvalet
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Orienteringa vert tatt til vitande

PS 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Temaplan for helse og velferd*, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

Sak 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy spelte inn at handlingsdelen til temaplan for helse og velferd bør vera for eit tidsperspektiv på 4 år, og at denne bør følgja økonomiplanperioden med rulleringar årleg.

Det var semje i utvalet om at det er ei god løysing at planen no er lagt opp til å gjelda for 10 år. Færøy viste til at det var i bestillinga frå kommunestyret at planen skulle gjelda i 4 år, men at 10 år er ei god løysing.

Kommunalsjef Færøy viste til at det er ein auke i talet for personar med demenssjukdom.

Status for Austrheim kommune kan ein sjekka på

Demenskartet: <https://demenskartet.no/#4632>

Terje Håland viste til at situasjonen er den same for kommunen som for landet, det er mange gode føremål, men det må gjerast prioriteringar mellom desse.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Kommunestyret godkjenner Temaplan for helse og velferd, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

PS 37/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune sluttar seg til *Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene* slik den ligg føre.

Sak 37/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utvalseiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 37/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Austrheim kommune sluttar seg til *Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene* slik den ligg føre.

PS 38/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2026 - 2027 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 38/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksframlegget. Fensfjorden-regionen har lik skulerute, og ein ser også mot Alver og Bergen når ruta skal settast opp.

Skuleruta skal etter ny lovgjeving opp som vedtakssak i kommunestyret, med kunngjering som ei forskrift.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 38/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2026 - 2027 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.